

Hordaland sogelag 20 år. Festtale etter jubileumsmiddagen 18. november 2006

Egil Nysæter

Kjære sogefolk!

Den formelle skipinga av Hordaland sogelag skjedde laurdag 16. november i 1986 i Bryggens museum her i Bergen. For tjue år og to dagar sidan.

Men det var ikkje noko heilt nytt som tok til for tjue år sidan. La oss gå nestan hundre år tilbake.

Etter at heile Vestlandet frå Stad til Åna Sira hadde fått seg regionale sogelag i løpet av åtte år etter 1908, fekk dåverande statsarkivar, eller rettare nemnt, stiftsarkivar Just Bing i gang Vestlandske Historielags Fællesforening i juli 1916 med seg sjølv i spissen. For nøyaktig nitti år sidan.

Dette felleslaget fekk i stand det aller første folkeminne- og lokalhistoriske kurset her i landet i Bergen i august 1918. Kurset gav lærdom, men også inspirasjon. Slik ordla ein av møtedeltakarane seg etterpå:

”No fer me heim til arven kvar hjaa seg,
med større syn paa folket, bygdi, landet.
Dei bjarte blink fraa skeidet viser veg
til liv og lagnad i dei tider vande.
So yrkjer me og fester ættebandi!”

Nokon særleg møteaktivitet var det ikkje i denne vestlandske overbygningen. Men laget delte ut stipend for innsamling av vestlandske tradisjonar basert på løyvingar frå staten, m.a. til den unge folkeminnegranskaren Kjell Bondevik. På slutten av dei vanskelege 1920-åra vart laget sitt arbeid avslutta, få år før Bing gjekk av som statsarkivar.

Så gjekk år og dag.

I 1955 drøfta generalforsamlinga i Bergens historiske forening ”former for samarbeide med andre bygde- og byhistoriske lag”. Det vart sett ned eit utval med Thorolf Rafto som drivande kraft, og resultatet vart det første vestlandske historikarmøte i mars 1957. Det var semje om at det burde haldast jamlege møte for sogelagsfolk rundt om på Vestlandet.

Og i alt vart det halde 18 slike møte til og med 1981: 3 i Bergen, 8 elles i Hordaland, 4 i Sogn og Fjordane og 2 på Sunnmøre. Alltid med Rafto i spissen med sin folkelege stil og tru på det fruktgevande i eit samarbeid mellom lek og lærd. Han inspirerte og let seg inspirera. Det er sagt om han ”at han alltid var i 17. mai-humør”. Men nokon organisasjonsbyggjar var han ikkje. Rett nok vart det vald eit styre for eit vestlandsk lokalhistorikarlag i 1978, men dette kom det lite ut av.

På 1970-talet skjedde det store ting på kulturfronten her i landet. Dei første kulturmeldingane førte til eit statleg tilskotsdryss til dei nye fylkeskommunane. I Hordaland var det historikaren Aasmund Mjeldheim som vart kultursjef og offentleg mesen. Då han merka at Rafto-perioden gjekk mot slutten, tok han initiativ til årlege lokalhistoriske møte for Hordaland. Det første

møtet vart halde i 1982 på Hardanger folkemuseum 5. og 6. juni og temaet var eldre foto. Og møte nr 25 gjekk av stabelen i vår.

På det tredje lokalhistoriske møtet for Hordaland i Lindås i 1984 vart det sett ned eit interimsstyre for eit komande Hordaland sogelag. På skipingsmøtet to år seinare var det semje om at laget skulle samordna arbeidet med dei lokalhistoriske møta, som til då hadde gått på omgang mellom folkemusea. Den nye paraplyen skulle elles vera fylkeslag for Landslaget for lokalhistorie. I praksis innebar det berre nominasjon av ny styremedlem frå Vestlandet. Men det skulle også kunna ta på seg andre oppgåver som best kunne løysast på fylkesnivå.

Jan B. Thorsheim frå det nye Lindås sogelag vart vald til første formannen. Med i første styret var elles: Johannes Kvestad, Voss; Anstein Lohndal, Sunnhordland; John R. Myking, Nord- og Midhordland; og underteikna som skrivar og representant for Bergen. Dermed vart også sogelaget dei første åra nær knytt til fødselshjelparen, Hordaland fylkeskommune, sidan eg nett då var tilsett i Kulturavdelinga i ei lokalhistorisk rettleiingsstilling.

Tida var elles mogen for ein slik paraplyorganisasjon. Sogelagslandskapet var i ferd med å endra seg kraftig på 1980-talet. I tillegg til dei gamle regionlaga i Sunnhordland, Hardanger, Voss, Nord- og Midhordland og Bergen vart det no skipa ei rekkje historielag på kommune- og bydelsnivå. På Strilelandet og i Bergen fanst det før 1982 såleis berre eitt einaste lokalt sogelag, Hosanger sogelag. I dag finst det i same området i alt 22 slike lag, 7 av dei er i Bergen.

Bakgrunnen er sjølv sagt at lokalhistorie handlar om nettopp det lokale, det nære. Men det har samstundes ført med seg at det ikkje alltid har vore like lett å få forståing for at det også er naudsynt med region- og landslag innan dette frivillige området. Men trass i skiftande vêt på Vestlandet i desse tjue åra, har enno ikkje denne paraplyen vrenge seg. Eit forsøk på gje ut eit lite medlemsblad fall rett nok saman etter to nr. i 1988. Men laget har klart å halda dei årlege møta som var vedtektsfesta. Ja, i år vart det jamvel arrangert ein svært vellukka tur til Shetland og Orknøyane, og nett no vert også ei heimeside planlagd. All ære til dei som har gjort sitt desse åra. Alle namn skal ikkje nemnast her.

Fagleg påfyll og utveksling av erfaringar må vera det viktigaste for eit slik regionlag. For femti år sidan formulerte dåverande formann i Nord- og Midhordland, Conrad Clausen, seg om eit kurs i sogegransking, at det skulle vera "til kveik for dei eldre som jamt hev onna i einsemd". Men også dei unge, tjueåringane om ein vil, og dei halvgamle, treng dei samkomene som Hordaland sogelag steller i stand, og dei ringverknadene dei har. For som første formannen i Nord- og Midhordland sogelag, Arne Bjørndal, skreiv i 1917, så er "soga saltet og sevja som kvart sjølvstendig og sjølvbyrgt folk må friska seg paa".

Til lukka med dagen og dagane, og som alltid: ljøs framtid!